

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-K40	25/469

Saksnr	Utval	Type	Dato
012/25	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	23.05.2025

Uttale til vurdering av konsesjonsplikt for økt pumpekapasitet i Saurdal kraftverk i Ulla-Førre systemet i Rogaland

Forslag til vedtak

Villreinnemnda for Setesdalsområdet uttaler seg i lys av villrein og villreininteresser.

Setesdal Ryfylke villreinområde er sterkt påverka av fysiske inngrep i form av vasskraftutbygging og neddemming av store areal som tidlegare var viktige beite- og trekkområder. Dette saman med ferdsel på «feil» stader gjer at den samla belastninga er for stor. Kvalitetsnorm for villrein konkluderer med at tilstanden for villreinen er dårleg (ikkje godkjend). Det er derfor sentralt at ein her ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare. Tvert imot er det naudsynt med tiltak for å betre situasjonen, noko det blir arbeida med gjennom tiltaksplan for villrein. Å betre tilstanden i Setesdal Ryfylke villreinområde er eit nasjonalt mål. Samstundes veit me at endra klima vil vere utfordrande for villreinen.

Også energimarknaden endrar seg. Konsesjonærane ser på moglegheitene til opprusting og utvidingsprosjekt der målet i stor grad er auka effekt. Det er det siste året blitt kjend at fleire av kraftselskapa med tilknytning til villreinområde ser på moglegheitene for pumpekraftverk.

Dersom ein skal betre situasjonen for villreinen, slik det nasjonale målet er, er det avgjerande at dei O/U-prosjekta som får løyve/konsesjon er foreinlege med forvaltningsmåla for villreinbestanden.

Med bakgrunn i tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag knyt til søknad, kan ikkje villreinnemnda støtte ein konklusjon om at vasstandsvariasjonane i Blåsjø vil vere så marginale og for små til å kunne påverke isen utover dagens situasjon. Dermed kan me ikkje konkludere med at området sin funksjonsverdi for villreinen ikkje vil bli negativt påverka. Villreinnemnda rår derfor til at fritak frå ny konsesjonsbehandling ikkje blir innvilga.

Sand, 23.05.2025

Vedlegg:

Notat 20250506 - Vannstandsendringer i Blåsjø

Notat 20250411 - Vannstandsendringer i Blåsjø, rev. 20250506

Høyring av førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for økt pumpekapasitet i Saurdal pumpekraftverk i Ulla-Førre systemet i Rogaland

Saurdal pumpekraftverk -Anmodning om konsesjonspliktavurdering for installasjon av større pumpekraftverk

Saksopplysningar

NVE har motteke ei førespurnad frå Statkraft Energi AS om vurdering av konsesjonsplikt for auka pumpekapasitet i Saurdal kraftverk. Saka er sendt blant anna til villreinnemnda på høyring.

Prosjektområdet inngår i Setesdal Ryfylke villreinområde.

Plan om Saurdal pumpekraftverk

Statkraft Energi AS vurderer å installere større pumpekapasitet i Saurdal pumpekraftverk i Suldal kommune i Ulla-Førrereguleringa, Rogaland fylke. Pumpeeffekten kan doblast frå 320 MW til 640 MW ved å skifte ut to konvensjonelle aggregat med nye pumpeaggregat. I tillegg skal dei to eksisterande pumpeaggregata rehabiliterast for å sikre vidare drift. Tiltaket vil vere eit opprustings- og utvidingstiltak (O/U-tiltak), og har potensial til å kunne vere eit av dei raskast realiserbare tiltaka som ytterlegare kan bidra til å møte den stadig aukande etterspurnaden etter effekt, balansering og fleksibilitet i kraftsystemet.

Dobling av pumpekapasiteten i Saurdal kraft er berekna til å medføre ein reduksjon i årleg nettoproduksjon på 119 GWh i 2035, men når meir vatn kan pumpast til Blåsjø kan produksjonen i større grad rettast mot tidspunkt når behovet er størst i kraftmarknaden.

Statkraft ønskjer å gjennomføre prosjektet samstundes med utbetringar i vassvegen mellom Blåsjø og Saurdal pumpekraftverk, eit prosjekt som har fått løyve frå NVE.

Oppsummert skriv Statkraft følgjande om konsekvensar i søknaden:

Tiltaket berører vassdraget på 600 meter nivå og oppover til Blåsjø på 1000 meter nivå.

Tiltaket berører ikke driften i Kvilldal kraftverk i nevneverdig grad eller forholdene i Suldalsvatnet og Suldalslågen. Tiltaket medfører ingen nye reguleringer, overføringer eller utnyttelse av nytt fall. Tiltaket vil foregå i fjell med begrensede fjellarbeider. Det er forventet kun små endringer i magasindisponeringen av Blåsjø, Lauvastølvatnet og Sandsavatnet, og ingen endringer i hydrologien i reguleringsområdet. Redegjørelsen i kap. 6 viser at tiltaket vil ha små til ingen konsekvenser for landskap, brukerinteresser og naturmangfoldet.

Statkraft vurderer at tiltaket kan gjennomførast innanfor ordlyden i dagens manøvreringsreglement, og utan at tiltaket vil vere til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser. På grunnlag av dette ber Statkraft Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) vurdere om tiltaket kan gjennomførast utan ny konsesjonsbehandling.

Villreinen i området


Blåsjø ligg sentralt i villreinområdet og det er villrein kring magasinet heile året.

Registreringar av GPS-merka dyr frå perioden 2006-2024 viser mykje kryssingar på isen i perioden desember-april. I mai og juni er det knapt kryssingar sjølv om det er is også da.

Villreinen nyttar isen både til lange kryssingar mellom dei to delmagasina i Blåsjø og til

kortare kryssingar mellom og ut til dei mange øyane i magasinet. Dei lengre kryssingane går ofte via ei eller fleire øyer, der dyra gjerne stoppar for å beite før dei held fram over isen.

Områda kring Sandvatnet og Lauvastølsvatnet er først og fremst nytta som vinterbeiteområde, men ikkje årleg. Det er ikkje registrert GPS-merka villrein på desse magasina.



Sentrale lokasjonar i prosjektet, samt *GPS-data frå villrein som har vært i området frå 2006 til i dag (dyreposisjoner.no)*

I 2022 blei alle nasjonale villreinområde vurdert etter «Kvalitetsnorm for villrein». Etter ei heilskapleg vurdering blei Setesdal Ryfylke klassifisert til dårleg kvalitet og dermed ikkje godkjend. Det skal gjennomførast ein tiltaksplan for å betre situasjonen.

Årsaka til at villreinområde ikkje tilfredsstillar måla i kvalitetsnorma er samansett, men sentralt er at vegar og vasskraftutbygging i kombinasjon med ferdsel i utsette områder, har stor negativ effekt på villreinens vandringsmoglegheiter.

I kvalitetsnorma er Blåsjø definert som eit fokusområde. Generelt er dette områder der arealinngrep og menneskeleg aktivitet skaper utfordringar i forhold til trekk og arealutnytting. Konkret handlar fokusområde ved Blåsjø om tapte trekk og beiteområde, og som ein trekkbarriere mellom andre funksjonsområder i villreinområdet.

Område i Heiplanen

Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) tek omsyn til villreinens arealbruk til ulike årstider og gir ei heilskapleg forvaltning av fjellområde som er særskild viktige for villreinen si framtid.

Jamfør Heiplanen ligg Blåsjø i omsynsone nasjonalt villreinområde. Sandvatnet ligg i omsynsone nasjonalt villreinområde/omsynsone villrein. Lauvastølsvatnet ligg i omsynsone villrein, mens Saurdal pumpestasjon ligg i bygdeutviklingssona.

I nasjonalt villreinområde og omsynsone villrein skal villreinens interesser tilleggast stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling. I bygdeutviklingssona reknast villreininteressene som avklart.

Villreinen omtalt i «Anmodning om konsesjonspliktavurdering»

Det er innhenta eksisterande kunnskap frå relevante databasar og tidlegare rapportar.

Villreinen bruk av områda, forhold til kvalitetsnorm og tiltaksplan er omtalt. Nokre hovudpunkt frå vurderinga:

- Kraftstasjonsområdet er i randsona til villreinområde området. Gps-data viser at villrein i liten grad oppheld seg her og det er lite sannsynleg at den vil bli påverka av dette arbeidet.
- Sandsavatnet og Lauvastølvatnet nyttast i veldig liten grad av villreinen, dyra brukar fjellområda rundt vatna. Endra magasindisponering vil derfor ikkje påverke villreinen.
- For Blåsjømagasinet generelt vil vasstandsvariasjonane vere marginale og for små til å kunne påverke isen utover dagens situasjon. Villreinens funksjonelle trekk over Blåsjømagasinet vinterstid vil derfor ikkje bli påverka av dette.
- Lokalt i Blåsjø, ved dei to inntaka ved Oddatjørndammen og Undeknutevatnet, kan auka pumping gi noko meir usikker is enn i dag. At villrein faller gjennom isen som følge av dette er derimot lite sannsynleg, og ikkje vurdert som større enn dagens situasjon. På bakgrunn av at dei forventast endringane i isforhold er små og gjeld små areal, samt at området nyttast i avgrensa grad av villrein, forventast det ubetydeleg negativ konsekvens for villrein av tiltaket.

Tilleggsopplysningar om vasstandsendingar

Etter førespurnad har Statkraft kome med to tilleggsnotat (vedlegg til saka) som seier meir om potensielle vasstandsendingar i Blåsjø om vinteren. Årsaka til fokuset på denne problemstillinga er at ein i situasjonar med vasstandsheving etter islegging, kan få ei sone med særleg svak is eller ope vatn langs land som kan hindre villreinen i å komme ut på isen.

I tillegg til pumping vil og naturleg tilsig spele inn på vasstandsending. Det er den samla effekten av desse to faktorane som avgjer om vasstanden kan stige så mykje at det blir danna råker langs land.

Framtidige vasstandsending vil vere annleis enn det har vore uansett om det blir realisering av auka pumpeeffekt eller ikkje. Grunna klimaending vil det bli meir nedbør. Det blir større naturleg tilsig til Blåsjø og meir vatn tilgjengeleg for pumping frå Lauvastølsvatnet og Sandsa. I tillegg vil produksjon i Saurdal kraftverk i større grad bli styrt av svingingar i kraftmarknaden, noko som vil føre til meir og oftare pumping til Blåsjø.

Summert frå Statkraft sine tilleggsnotat:

- Tabellen nedanfor viser berekna vasstandsendringar i Blåsjø på høyr, middel og låg vasstand med dagens situasjon (320 MW) og med dobbel pumpekapasitet (640 MW). Dette som følgje av maksimal pumpedrift gjennom eit døgn. Naturleg tilsig kjem i tillegg. I normalår (middelår) har Blåsjø i uke 49–15 vore på kote 1035–1040.

Vannstand i Blåsjø, kote	Vannstandsendringar, cm/døgn	
	320 MW	640 MW
1045 (høyr)	8	15
1035 (middel)	10	19
980 (lav)	32	63

- Basert på historiske verdiar i perioden 1986–2025 har det knapt vore døgn med maksimal pumpeeffekt i veke 49–15 (perioden dyra nyttar isen), og generelt få døgn med pumpedrift i same periode. Utrekningar med dobbel pumpekapasitet i framtida viser at talet på døgn med maksimal pumpeeffekt kan auke til 8–10 døgn i den same perioden. Samanhengande pumping vil vanlegvis skje i 1-2 døgn, men simuleringane viser og periodar med samanhengane pumping i opp til 13 døgn.
- Naturleg tilsig har vore ein større årsaksfaktor til store vasstandsendringar i Blåsjø enn pumpedrifta i Saurdal, og slik vil det truleg halde fram å vere sjølv med ei dobling av pumpekapasiteten.
- Blåsjø er venta å få ein vasstandsauke på meir enn 25 cm per døgn i perioden 01.12–15.04, uavhengig av kotehøgde, i 4–5 døgn per år med 2 pumpeaggregat og i 10–11 døgn per år med 4 pumpeaggregat.

Vurdering

Setesdal Ryfylke er eit av dei villreinområda som har vore mest påverka av omfattande naturinngrep og vasskraftutbygging. Få andre område har opplevd tilsvarende grad av inngrep. Dette frå store utbyggingar som Røldal-Suldal, Ulla-Førre, Øvre Otra, Sira Kvina og Lyse.

Vasskraftutbygging saman med ferdsel på «feil» stader gjer at den samla belastninga for villreinen er for stor. Kvalitetsnorm for villrein konkluderer med at tilstanden for villreinen er dårleg (ikkje godkjend). Det er derfor sentralt at ein her ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare. Tvert imot er det naudsynt med tiltak for å betre situasjonen noko det blir arbeida med gjennom tiltaksplan for villrein. Å betre tilstanden i Setesdal Ryfylke villreinområde er eit nasjonalt mål.

Energimarknaden har endra seg. Konsesjonærane ser på moglegheitene til opprusting og utvidingsprosjekt der målet i stor grad er auka effekt. Det er det siste året blitt kjend at fleire av kraftselskapa med tilknytning til villreinområde ser på moglegheitene for pumpekraftverk.

I 2024 var Lyse Kraft sine planar om O/U-prosjekt inkludert pumpekraftverk i Røldal-Suldal på høyring. Villreinnemnda rådde i sin uttale i frå å gi løyve etter konsesjonssøknad. Dette fordi planane slik dei var lagt fram ikkje var foreinleg med ei villreinforvaltning som har som mål om å betre tilstanden for arten. Eit særleg problem som blei peika på var at planane ville kunne gi dårlegare isforhold om vinteren og nye vandringshinder for villreinen.

Dersom ein skal betre situasjonen for villreinen, slik det nasjonale målet er, er det avgjerande at dei O/U-prosjekta som får konsesjon/løyve er foreinlege med forvaltningsmåla for villreinbestanden. Det viktige spørsmålet er derfor kva påverknad prosjektet vil ha for villreinstamma i område. Det er her sentralt å sjå på verknaden i lys av den samla belastninga for villreinen.

Sandsavatnet og Lauvastølvatnet

Med bakgrunn i villreinen sin områdebruk rundt Sandsavatnet, Lauvastølvatnet og kraftstasjonsområdet synes det lite sannsynleg at villreinen vil bli påverka av arbeidet/endingane i desse områda.

Blåsjø

Når det gjeld Blåsjø er villreinen sin områdebruk annleis og det er heilt sentralt at magasinet som ein trekkbarriere ikkje blir større enn det alt er. Vanlegvis kan ei korttidsregulering og effektkøying gi skiftande vasstand og dårlegare is.

Jamfør søknadsdokumentet har Statkraft fått gjennomført simuleringar med auka pumpekapasitet som viser at dei kortvarige vasstandsvariasjonane (1-times) som skyldast pumping/tapping i vinterperioden (oktober– juni) er svært beskjeden. I meir enn 95 % av tida er variasjonane under 2 cm og i 99,5 % av tida under 4 cm.

Statkraft sin konsulent er tydeleg på at for Blåsjø vil *«vannstandsvariasjonene være marginale og for små til å kunne påvirke isen utover dagens situasjon. Villreinens funksjonelle trekk over Blåsjømagasinet vinterstid vil derfor ikke bli påvirket av dette»* (Saurdal pumpekraftverk – Anmodning om konsesjonspliktutvurdering s.41). Sekretariatet stiller spørsmål til denne vurderinga og viser til Statkraft sine tilleggsnotat.

Modellar og simuleringar at full kapasitetsutnytting over eitt døgn vil kunne auke vasstanden i Blåsjø med om lag 15–19 cm, gitt at vasstanden ligg på eit normalt nivå (1035–1045 moh). Dobla pumpekapasitet vil kunne nyttast i 8–10 døgn kvar vinter. Dette vil, saman med naturleg tilsig, kunne føre til at vasstanden i Blåsjø aukar med meir enn 25 cm per døgn i 10–11 døgn per vinter. Dersom vasstanden ligg på eit lågt nivå (6 vintrar sidan 1986) vil vasstandsendingane kunne bli langt større.

Kunnskapsgrunnlaget synes for tynt for å kunne hevde at prosjektet ikkje vil føre til ei negativ konsekvens for villreinen. Generelt er det behov for betre og meir kunnskap om korleis vasstandsendingar påverke is, og igjen korleis dette påverkar villreinen. Sekretariatet er kjend med at SINTEF ser på kunnskapsstatus i forhold til problemstillinga i samband med søknad om pumpekraftverk i Røldal-Suldal.

Heilt konkret vil ein foreslå desse utgreiingane for å avbøte manglane i kunnskapsgrunnlaget:

- Ei analyse av GPS-data frå villreinen sin bruk av isen fram til i dag, sett opp mot den vasstandsvariasjonen som har vore. Særleg relevante spørsmål vil være:
 - I kva grad er Blåsjø eit vandringshinder i dag?
 - Kvifor sluttar villreinen å nytte isen på Blåsjø etter at vasstandsnivået begynner å auke på vårparten? Dette skjer til tross for at det ennå ligg «trygg» is i om lag 2 månadar. Skuldast dette forhold med isen eller er dette eit resultat av naturlege endingar av dyras områdebruk.

- I kva for grad skil dyras bruk av isen på Blåsjø seg frå bruken av isen av andre vatn i område? Samanlikning med det uregulerte Holmavatnet (1172 moh) og det regulerte Store Urevatn (1175 moh) er særleg relevant
- Ei grundig vurdering av korleis vil dei forventa vasstandsendingane påverke isen på Blåsjømagasinet? Særleg viktig vil det være å få dokumentert om vasstandsheving vil medføre opne råker og vedvarande svak i langs land.
- Ei grundig vurdering av villreinen sin framtidige bruk av isen på Blåsjø ved desse tilhøva:
 - pumpekapasitet som i dag, men med endra bruksmønster grunna større tilsig og endring i energimarknaden
 - dobbel pumpekapasitet, med forventa bruksmønster grunna større tilsig og endring i energimarknaden
- Ei grundig vurdering av kva for konsekvensar svakare is og redusert trekkaktivitet vil ha for villreinstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde

Konklusjon

Kunnskapsgrunnlaget synes for tynt for å kunne hevde at prosjektet ikkje vil føre til ei negativ konsekvens for villreinen. Generelt er det behov for betre og meir kunnskap om korleis vasstandsendingar påverke is, og igjen korleis dette påverkar villreinen. Sekretariatet rår til ein uttale til NVE som konkluderer med at fritak frå ny konsesjonsbehandling ikkje blir innvilga.

23.05.2025 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Ingen merknad.

Forslag til vedtak blei samrøystes vedtatt.

VRN-AU - 012/25 Vedtak:

Villreinnemnda for Setesdalsområdet uttaler seg i lys av villrein og villreininteresser.

Setesdal Ryfylke villreinområde er sterkt påverka av fysiske inngrep i form av vasskraftutbygging og neddemming av store areal som tidlegare var viktige beite- og trekkområder. Dette saman med ferdsel på «feil» stader gjer at den samla belastninga er for stor. Kvalitetsnorm for villrein konkluderer med at tilstanden for villreinen er dårleg (ikkje godkjend). Det er derfor sentralt at ein her ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare. Tvert imot er det naudsynt med tiltak for å betre situasjonen, noko det blir arbeida med gjennom tiltaksplan for villrein. Å betre tilstanden i Setesdal Ryfylke villreinområde er eit nasjonalt mål. Samstundes veit me at endra klima vil vere utfordrande for villreinen.

Også energimarknaden endrar seg. Konsesjonærane ser på moglegheitene til opprusting og utvidingsprosjekt der målet i stor grad er auka effekt. Det er det siste året blitt kjend at fleire av kraftselskapa med tilknytning til villreinområde ser på moglegheitene for pumpekraftverk.

Dersom ein skal betre situasjonen for villreinen, slik det nasjonale målet er, er det avgjerande at dei O/U-prosjekta som får løyve/konsesjon er foreinlege med forvaltningsmåla for villreinbestanden.

Med bakgrunn i tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag knyt til søknad, kan ikkje villreinnemnda støtte ein konklusjon om at vasstandsvariasjonane i Blåsjø vil vere så marginale og for små til å kunne påverke isen utover dagens situasjon. Dermed kan me ikkje konkludere med at området sin funksjonsverdi for villreinen ikkje vil bli negativt påverka. Villreinnemnda rår derfor til at fritak frå ny konsesjonsbehandling ikkje blir innvilga.